

Raggle Taggle Gypsies

Haavebua · Arkivkategori 2013



2013

HAAVEBUA

tagg

Frå arkivet

Det har gått nokre år sidan Raggle Taggle Gypsies var på Florø besøk. Det irske bandet har spelt i kystbyen fire-fem gonger tidlegare; første gongen som oppvarming for The Dubliners i 1996. – Både bandet og vi i rockeklubben har ønskt oss ein gjensitt, og denne gongen klaffa det, seier Per Vidar Ottesen i Florø Rockeklubb. Bandet har fyllt Haavebua fleire gonger tidlegare, men denne gongen var det uråd å finne ein dato der bua var ledig og bandet hadde tid. – Difor køyrer vi konserten på Blomsterhagen som ein utekonsert. Raggle Taggle Gypsies spelar irsk tradisjonsmusikk slik florø folk veit å setje pris på. Det såg ein seinast på Himmel & Hav då den irske kvelden på Haavebua trekte over 600 besøkande. Det irske bandet har teke namn etter ein tradisjonell folkesong frå grenseområda sør i Skottland, som særleg Waterboys gjorde kjend på ei av platene sine. Kevin O'Connar og resten av bandet har vist seg svært slitesterkt, og dei kjem til Florø for å lage irsk fest med nøyaktig same besetning som då dei debuterte her i 1996.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 26.